

Har ein sang som set tanken min fri

Stev på hjernen

Mål: Elevane skal skrive stev på dialekt

Å synge stev er ein gamal norsk tradisjon. Stev er ein songtype som vart nytta når fleire var samla. Folk song stev til kvarandre og svara kvarandre. Ein god stevar kunne finne på ein tekst der og då, ikkje ulikt hip-hopkulturen sin "free-styling". Det kunne vere kvasse karakteristikkar av ein annan som steva, men kvedaren kunne òg finne eksisterande tekstar som passa i samanhengen. Endå i dag kan ein oppleve spontan steving mellom fleire kvedarar. Rytma er fast, og kvedaren markerer den av og til ved tramping. (Kjelde: www.folkogdans.no, Norsk Folkemusikk- og Danselag)

Arne Moslåttan gav i 1996 ut boka *Stev på hjernen*. I fyrordet skriv han at stev er den norske forma for limerick. Moslåttan meiner folk kan for få stev i dag, og han oppfordrar oss til å skrive eigne stev. Få uttrykksmiddel virkar sterkare enn eit stev, skriv han, berre "timinga" er rett. Det er to slags stev i den norske tradisjonen, gamlestev og nystev. I boka til Moslåttan finn me berre nystev. Den melodien som har vorte mest brukt til dikting av nystev er *Til lags åt alle kan ingen gjera*. Nystev har fire verselinar, og i dei fleste steva kjem poenget i siste line. Slag-line, kallar Moslåttan ho. Poenget skal henge i lufta.

Inspirasjon

- Lesa og synge frå boka til Arne Moslåttan, **Stev på hjernen** (Det Norske Samlaget, Oslo 1996).
http://no.wikipedia.org/wiki/Arne_Mosl%C3%A5tten
- Lytte og synge **Vidvinkel-stev** av Lillebjørn Nilsen (frå albumet *40 spor*, 1996).
<http://www.letssingit.com/?lillebjorn-nilsen-5k91k.html>
http://no.wikipedia.org/wiki/Lillebj%C3%B8rn_Nilsen
- På nettstaden nedanfor kan elevane ta stevkurs med Odd Nordstoga, ein kjend artist for dei fleste, og eit førebilete for mange. Stevet Nordstoga kvedar er ikkje eit nystev, men rytma og melodien er grei å lære. Elevane lyttar til stevet, og får døme på korleis ein kan legge musikk til. Etterpå kan dei dikte sine eigne stev etter same oppbyggnad.
http://www.norskverkstedet.no/1/nynorsk/kurs/lyd/lage_stev.htm



Stevskrivning

Del A

❖ Vel tema.

Døme:

▪ Mat	▪ Likestilling
▪ Kjærleik	▪ Kropp
▪ Skule	▪ Nyheiter
▪ Fritid	▪ Kjensler

❖ Finn minst 15 ord om temaet i boka *Me og oss, de og dikko*. Det bør vere ord av ulike ordklassar, til dømes 5 adjektiv, 5 substantiv og 5 verb. Blå i boka, gjerne fleire i lag, og bruk god tid på å finne ord de likar.

Døme: Temaet er *kropp*.

Adjektiv	Substantiv	Verb
halbalen = hardfør, robust	tatte = eit kvinnebryst	plykkjy = blunke, blinke med augo
ne-væltann = gravid	fu = ein bakende, ei rumpe	sjaka = gå ustøtt
bjødnaføtt = plattfot	kurv = stuttvaksen, tjukk kar	sjanglæ = gå ustøtt
subben = ureinsleg	våmb = mage	sabbæ = å gå tungt
krasen = skrøpeleg, i dårleg form	førkje = jente, litt nedsetjande	neka = gni

❖ Bruk nokre av orda de har valt, og skriv eit stev etter Odd Nordstoga sin modell.

Døme: Han var bjødnaføtt og tung han Ola Knut,
han kom sabban ette vegji som ein avlsstut.
Om våmbe ho va rund og brokji va sund,
om fue vilde ut, va han noko te gut.
Men når kurven så stor, kom heim att te ho mor.
Kansi han atte, vilde suge tatte.
Han var bjødnaføtt og tung han Ola Knut,
han kom sabban ette vegji som ein avlsstut.

❖ Framføring: Gjerne med musikk, dans og drama.

Del B

- ❖ Lær melodien i songen *Til lags åt alle kan ingen gjera*.
- ❖ Syng nokre av steva frå boka til Arne Moslåtten etter denne melodien.
- ❖ Vel tema og finn ord i *Me og uss, de og dikko*. Sjå ovanfor i del A.
- ❖ Bruk nokre av orda de har valt, og skriv eit stev etter melodien *Til lags åt alle kan ingen gjera*.

Døme: Ein kurv kom sæggan med fue ute.
 Han skull 'te Sundre og va i rute.
 Han møtte førkju med våmbe bar
 Den nye moten er nøgle rar.

Del C

- ❖ Lag reklamestev til lokale bedrifter eller organisasjonar, slik det er gjort i *Me og uss, de og dikko*.

DØME frå boka:

Hallingdal Renovasjon

*Ei reinar' framtid me alle vilja
metall og glas og papir me skilja.
Miljø krev ansvar frå de og me
og best tå alt: Dæ bi so trivele!*

Go'biten kafé

*Viss du har vore ein tur på Sundre
og handla varu for mange hundre.
Då kan det gjera se med ein prat
og attåt få se litt kaffimat!*

Kyrkjene i Ål

*Du trur at Gud bur i høge himmel
dæ æ 'kji sant – for han vart litt svimmel.
Han høyrde songen på hallingmål
då kom Han ned – og Han bur i Ål.*

Det kan vera ein idé å tilby reklamene kveda i Radio Hallingdal (ei inntektskjelde til "klassekassa"?). Bruk same framgangsmåte som ovanfor.

<http://www.nettkatalogen.no/sitemap/postnr/3570/>